



Notat

Dato: 24.01.2017
Arkivsak: 2016/412-44
Saksbehandlar: knudjuv

Til: Utval for miljø og samferdsel

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål vedkomande tømmertransport

I møtebok frå Misa 2. juni 2016 var det teke inn følgande oversending frå representanten Jon Askeland:

«Spørsmål vedk. tømmertransport.

Det blir hogge mykje tømmer i Hordaland, og tømmeret vert transportert ut frå hogstfeltet med bil fram til kai/sagbruk. Uttransporten gjev ein del utfordringar på fylkesvegar med akseltrykkrestriksjonar. Av økonomiske årsaker er det ønskjeleg at tømmeret vert transportert med bil og hengar. Dette må det søkjast dispensasjon for på vegar med akseltrykkrestriksjonar. Her er kjernen i problemet: Tømmer er definert som delbart gods, og regelverket er pr. i dag slik at det ikkje vert gitt dispensasjon for tømmertransport åleine, men vegen må omklassifiserast, og opnast for alle typar delbart gods. Dette grunna heimel i forskrift om delbart gods.

Eg kjenner til at det også i fagmiljøa i Statens Vegvesen er dei som meiner at regelverket bør endrast slik at tømmer får særordning. Dette har støtte i at det i EU er lagt vekt på at tømmer er særleg gods, som ikkje kan samanliknast med anna gods. Til skilnad frå anna type næringsverksemd, som gjerne vert plassert etter reguleringsplanar, så ligg tømmeret der den ligg, og hogsten av tømmer skjer i intervall på 70 - 100 år.

Senterpartiet si fylkestinggruppe ønskjer at forskrifta for delbart gods vert endra, slik at tømmertransport får den særordninga, som EU legg vekt på. Endring av forskrifta kan også sjåast på som del av tiltakspakke for ei skogbruksnæring i krise. Transport av tømmer er ein logistikkmessig flaskehals, og endra forskrift kan opna for klok regulering av køyretidspunkt (nattkøyning, unngå rushtid m.m.).

Senterpartiet ønskjer at Statens Vegvesen og Hordaland fylkeskommune tek initiativ overfor næringsministeren og samferdsleministeren i å få endra forskrifta for delbart gods, slik at tømmertransport får særordning slik EU vektlegg, og som kan sjåast på som tiltakspakke for skogbruksnæringa.

Eg ber om administrasjonen si vurdering av problemstillinga eg har reist, og råd for korleis fylkeskommunen kan arbeida vidare med å sikra at det for tømmertransport kan søkjast dispensasjon for å køyra med bil og hengar på fylkesvegane.»

Fylkesrådmannen ser at det kan vera vinstar å henta for skognæringa ved å få betre vilkår for tømmertransporten.

Slik regelverket er nå må vanlige tømmertransporter forholde seg til gjeldande vogntoglengde og vektbegrensning (bruksklasse) som står i dei forskjellige veglistene.

I 2013 ble det vedteke forskriftsendringar som aukar tillatt lengde på tømmervogntog frå 22 til 24 meter og tillatt totalvekt frå 56 til 60 tonn. Næringskomiteen på Stortinget har nettopp levert sin innstilling til regjeringen sin skogmelding kor fleirtalet forslår ein prøveordning med 74 tonns tømmervogntog i Norge. Auka totalvekt føreset at vegane er i stand til å tåla slike vekter.

Så lenge tømmer ikkje kjem inn under forskrifta sitt omgrep 'udelbart gods', eller 'økonomisk effekt' ikkje er 'særleg tungtvegande grunn', kan ikkje SVV gje dispensasjon for slik transport etter dagens regler.

For å få til ei forskriftsendring trengst det påverknad frå dei aktuelle næringsinteressene, og støtte frå kommunar og fylkeskommunar vil styrka saka. Etter fylkesrådmannen si vurdering må initiativet til ei slik støtte kome frå næringsinteressene, og gå til kommunar og fylkeskommunar og andre som har interesser i saka.

Dersom fylkeskommunen skal vurdere ei endring av forskrifta om delbart gods som eventuelt vil opna for større vogntogvekter på fylkesvegnettet, så er det fleire tilhøve som må vurderast. Deler av fylkesvegnettet i Hordaland er i dårleg stand, og verknaden av større belastning på bruer, dekke, murer og kantar må vurderast, samt eventuelle kostnader til forsterking/oppretting av skade etter nedkøyrt veg. Det må og føretakast ei vurdering av tryggleikstilhøva viss større vogntog skal trafikkera fylkesvegnettet.

Fylkesrådmannen vil såleis ikkje forskotera kva fylkeskommunen skal meina om ei eventuell endring i forskrifta om delbart gods.